

# Lodde



Foto: Jan de Lange

## Status og råd


Etter 2008 var loddebestanden i mange år relativt stabil, men dei siste to åra har han gått så sterkt tilbake at det må kallast ein kollaps, og det er no ikkje opening for kommersielt fiske.

Sidan systematiske målingar av loddebestanden tok til i 1972 har det vore tre bestandssamanbrot før den inneverande. Dei tidlegare samanbrot har vore knytte til sterke årsklassar av norsk vårgytande sild i Barentshavet som beitar på loddelarvar. Slike sterke årsklassar av nvg-sild har ikkje vore målt i området sidan 2004, og det kom derfor som ei overrasking at loddebestanden igjen kollapsa. I retrospekt kan me likevel sjå at bestanden har vore under press frå fleire kantar. Ein stor torskebestand har over lang tid beita kraftig på lodda. Loddebestanden såg lenge ut til å tola dette, men kompenserte då høg dødelegheit med god rekruttering. I 2013 var det derimot under middels rekruttering, og i 2014 direkte svak rekruttering. I tillegg har loddeveksten for både 2-, 3- og 4-åringane vist kontinuerleg nedgang gjennom fleire år, som kan skuldast ein nedgang i mengda av stor plankton i Barentshavet. Det som gjev håp om ein auke i bestanden på litt sikt, er at 2015-årsklassen målt som 0-åringar låg godt over gjennomsnittet.

Den totale loddebestanden vart i år berekna til 0,84 millionar tonn og den modnande bestanden til 0,45 millionar tonn, noko som resulterte i eit råd frå ICES om null fiskeri. Den blanda norsk-russiske fiskerikommisjon har vedteke ein haustingsregel som seier at det skal vera mindre enn 5 % sannsyn for at gytebestanden skal koma under 200 000 tonn ved gytetidspunktet. ICES gjev sine råd om loddeforvaltninga ut frå denne regelen. Det var i kommisjonen semje om null loddefiske vinteren 2016.

## Fiskeri

Det er fjerde gongen i løpet av dei siste 30 åra at loddefisket har vorte stoppa pga. store endringar i bestandsstorleiken. Loddekvotane vert delte mellom Noreg og Russland i høvet 60/40. I den tida fisket var på topp vart det fiska i to sesongar, vinter og haust. Vinterfisket er på lodde som er på veg inn for å gyta, medan fisket om hausten føregjekk i beiteområda nord i Barentshavet. I seinare år har det berre vore fiska om vinteren. Fisket på norsk side er hovudsakleg eit ringnotfiske, men når lodda kjem nær land før gyting vert det også fiska ein del med flytetral. Russiske båtar fiskar hovudsakleg med trål. Noko av kvoten kan bli sett av til tredjeland i bytte for annan fisk, så det har tradisjonelt vore innslag av båtar frå Færøyane og andre land i loddefisket.



Bestand og fangst av lodde i Barentshavet.  
Stock size and catches of capelin in the Barents Sea.

## BARENTSHAVET

**Lodde** – *Mallotus villosus* – Capelin

**Andre namn:** Hannfisk vert kalla fakslodde og hofisk sillodde

**Familie:** Osmeridae (loddefamilien)

**Maks storleik:** Sjeldan over 20 cm og 50 gram

**Levetid:** Sjeldan meir enn 5 år

**Leveområde:** Barentshavet

**Hovudgyteområde:** Kystnært ved Troms, Finnmark og Kolahalvøya

**Gytetidspunkt:** Mars–april


**Føde:** Plankton

**Særtrekk:** Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjel langs sida i gytetida

## Nøkkeltal:

KVOTE 2015: Totalkvoten var på 120 000 tonn

FANGST 2015: Totalfangsten var på 115 044 tonn



## Fakta om bestanden:

Lodda er ein liten laksefisk som lever heile sitt korte liv i Barentshavet. Det finst også andre loddebestandar på den nordlege halvkula. Dei viktigaste held til ved Island, ved Newfoundland og i Beringhavet. Bestanden i Barentshavet er jamt over den største. Lodda lever som stimfisk i dei frie vassmassane og lever først og fremst av raudåte. Frå dei er ca. 10–12 cm et dei også mykje krill. Lodda er ein sentral organisme i økosystemet, og mange predatorar har lodda som viktig føde. Først og fremst et torsken mykje lodde, men også grønlandssæl, ulike kvalartar, sjøfugl og annan fisk har lodde på menyen.

Dei fleste individa dør etter å ha gytt første gongen, vanlegvis når dei er fire år gamle.

Lodda beitar over store delar av Barentshavet, først og fremst langs polarfronten og lenger nord og aust. Utpå seinhausten vandrar fisken sørover, og om vinteren held bestanden seg sør for polarfronten og iskanten. Den modnande delen av bestanden, som består av fisk som er 3–5 år gammal og lengre enn ca. 14 cm, vandrar mot kysten, og når gjerne land i byrjinga av mars. Gytinga føregår ved botnen, for det meste på djup frå 20–60 m, der det finst sand, grus og singel. Egga klistrar seg til botn og ligg der til dei klekkar etter ein månads tid. Larvane kjem opp i dei øvre vasslaga og driv med straumen ut frå kysten og austetter, og om sommaren er dei spreidde over store delar av det sentrale og austlege Barentshavet. Utbreiinga og vandringsane er påverka både av storleiken på bestanden og av klimaet i Barentshavet.




### Status og råd

Loddebestanden ved Island, Øst-Grønland og Jan Mayen har gått noko ned sidan i fjor. Bestandsvurderinga skjer vanlegvis på grunnlag av eit hausttokt i oktober–november og eit vintertokt i januar, og rådgjevinga skjer i tre trinn. Sidan det meste av islandslodda (slik som barentshavslodda) døyr etter gyting, blir ein foreløpig TAC gitt basert på ei 16–18 månaders framskriving av mengda unglodde i hausttoktet fram til gytetidspunktet. Denne foreløpige TAC-en er først og fremst berekna på eit sommarfiskeri som skjer i beiteområda mellom Grønland og Jan Mayen. ICES godkjende i januar 2015 ein ny forvaltingsregel for islandslodda som impliserer at foreløpig TAC i større grad følgjer føre-var-prinsippet og typisk ligg lågare enn før. Det andre trinnet i rådgjevinga baserer seg på mengda av moden lodde målt under hausttoktet og ei 3–4 månaders framskriving av denne til gytetidspunktet. Framskrivinga blir gjort i eit modellapparat som mellom anna inkluderer predasjon frå torsk og måleuvisse i toktet på same måte som for barentshavslodde. Men til forskjell frå barentshavslodde kor bestandsstorleiken berre blir estimert om hausten, blir islandslodda overvaka tett opp mot gyting like før hovudfiskeriet startar. I eit tredje og siste steg blir endeleg kvote fastsett på grunnlag av dette vintertoktet. Fisket blir rekna for å vera berekraftig dersom det er minst 95 % sannsyn for at 150 000 tonn lodde eller meir blir igjen for å gyta. Etter siste overvaking i januar/februar 2016 har Island sett ein totalkvote på 173 300 tonn.

### Fiskeri

Det norske loddefisket ved Island, Øst-Grønland og Jan Mayen er avtalebegrensa til å skje med ringnot. Den norske kvoten har basis i fleire avtaler. Trepartsavtalen mellom Noreg, Island og Grønland (som også inneheld kompensasjonstillegg), Smuttholsavtalen med Island og ein avtale med EU.



Bestand og fangst av lodde ved Island, Aust-Grønland og Jan Mayen. Etter 2006 er fangsten rapportert for vintersesongen pluss haustsesongen året før.  
Stock size and catches of capelin at Iceland, East Greenland and Jan Mayen.

**Lodde** – *Mallotus villosus* – Capelin

**Andre namn:** Hannfisk blir kalla fakslodde og hofisk sillodde

**Familie:** Osmeridae (loddefamilien)

**Maks storleik:** Sjeldan over 20 cm

**Levetid:** 5 år

**Leveområde:** Vest og nord av Island, inn mot Grønland og Jan Mayen

**Hovudgyteområde:** Langs sør- og vestkysten av Island

**Gytetidspunkt:** Februar–mars

**Føde:** Plankton

**Særtrekk:** Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjel langs sida i gytetida


### Nøkkeltal:

KVOTE 2015/2016: 173 300 tonn

KVOTE 2014/2015: 580 000 tonn

TOTALFANGST 2014/2015: 517 000 tonn,  
norsk del: 50 508 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2015: 133 mill. kroner



### Fakta om bestanden:

Gyteområda til denne bestanden finn ein på sør- og vestkysten av Island, mens oppvekstområdet er vest og nord av Island. Områda mellom Nord-Island, Grønland og Jan Mayen blir nytta som beiteområde. Lodda blir kjønnsmoden 3–4 år gammal. Ho blir sjeldan meir enn 20 cm lang og eldre enn 5 år. Namnet har lodda fått fordi hannen får ei stripe av hårete skjel langs sida i gytetida, då blir han gjerne kalla fakslodde. Hoa er utan denne stripa og blir kalla sillodde. Det meste av lodda døyr etter å ha gytt første gong. Lodda gyt egg på botnen, kor eggja limar seg fast til sand og grus. Dei klekker etter om lag ein måned, og larvane driv med klokka rundt Island. Før ho er 10–12 cm et lodda mest raudåte, men kril blir ein viktigare del av dietten jo større lodda blir. Rekrutteringa blir påverka av svingingar i klimaet, men også av predasjon frå torsk, annen fisk, kval og fugl. Torskebestanden er svært avhengig av lodda for vekst og reproduksjon.